

NRK satsar på langlesing på nett

NPK-NTB: NRK har i sommar satsa på lengre djupne-artiklar. Dette får kommersielle mediehus til å reagere.

NRK drar mange lesarar med sine såkalla langlesingssaker. Av dei 100 mest lesne sakene hittil i år på NRK.no, er 35 i denne kategorien.

Statskanalen har sidan 2015 publisert langlesingssaker på nettsidene sine. I sommar har NRKs nettredaksjon samla sakene i ein ny seksjon der featurestoffet har fått eigen vignett og design.

– Forsøket i sommar har vist at langlesingssakene våre blir godt mottatt, og at det er mange lesarar innom. Men vi har enno ikkje konkludert om dette skal bli ei permanent løysing, eller om det blir meir sesongbasert, seier forsideredaktør Ida Anna Haugen i NRK til Klassekampen.

Det er ikkje berre NRK som satsar stort på digital historiefortelling. I sommar har betalingsstenesta VG+ fått 12.000 nye abonnentar. VGs featureredaktør Jane Thronsen seier at ei av hovudårsakene til abonnementsveksten i sommar har vore digitale historier. Ho meiner NRKs satsing på langlesingssaker er problematisk.

– Konkurransen er skjerpende og inspirerande. Men det er krevjande for oss som er avhengige av betalende lesarar, at det finst ein «giga site» som NRK, som leverer alt innhald heilt gratis, seier Thronsen til Klassekampen.

Digitalisjef Hildegunn Soldal i NRK svarer at langlesingssakene ligg godt innanfor samfunnsoppdraget til statskanalen slik det er definert av Stortinget.

Seismisk skyting skadar ikkje raudåta

NPK: Seismikk skadar ikkje det viktige dyreplanktonet raudåta, viser feltforsøk gjort av Havforskningsinstituttet.

Raudåta er ei viktig næringskjelde for fleire fiskebestandar og spelar ei avgjerande rolle i økosystemet i Norskehavet.

– Me forskar på korleis seismikk kan påverka livet i havet. Sidan raudåta spelar ei så viktig rolle i økosystemet, er det naturleg at me undersøker om raudåta dør av seismiske lydbølger, fortel forskar Nils Olav Handegard.

Seismiske undersøkingar i Norskehavet fortel korleis havbotnen er sett saman, og om det er olje- og gassførekomstar i området.

Feltforsøka viser at det ikkje har nokon effekt på raudåta så lenge luftkanonane er meir enn ti meter unna. På kortare hald var døyngstala aldri meir enn 30 prosent høgare enn i kontrollgruppa, opplyser Havforskningsinstituttet.

Å drive politikk, kan samanliknast med å sykle. Eg gløymer ikkje gleda ved endeleg å kunne sykle, utan at nokon sprang bak og hjelpte til å halde ballansen og ropte at dette klarer du. Eg hadde ofte lyst til å gi opp, etterkvart som skrubbssåra på kne og albogar vart mange. Hadde eg ikkje hatt denne gode kameraten som heile tida støtta meg, så hadde eg ikkje hatt tolmodigheit til å lære meg denne balansekunsten som det er å sykle. Eg vaks opp på ein grisgrendt plass og avstandane var store, men sykkelturene vart mange, ilag med gode kameratar.

Nokre vart reine kunstnarar på sykkel, der dei sykla utan å halde i styret, eller dei som sykla på eit hjul, osv. Dessverre så var der også dei som fann glede i å stikke kjeppar i hjula eller på andre måtar laga feller, slik at ein kolvsykla. Slik er det også i politikken! Nokre er trygge og tek førehald, mens andre vinglar frå side til side og har problem med å finne balansen. Nokre sykklar i grøfta fordi dei ikkje har vore merksame nok. Nokre blir liggande med beinbrot, mens andre reiser seg og sykklar vidare. Nokre har ikkje retningsans i det heile og sykklar på ville veger og undrar seg over kvifor dei aldri kjem fram.

I dag ser det ut til at gleda over å kunne sykle, ikkje er så stor lenger. Fleirtalet ser ut som om dei har størst glede av å stikke kjeppar i hjula eller på ein eller annan måte skade dei som kan sykle. Eg har funne mitt parti, sjølv om eg er langt i frå einig med dei i alt dei står for. Eg har reist mykje og jobba ilag med mykje folk, også frå mange nasjonar. Eg har arbeid ilag med engelskmenn, færøyingar, islendingar, grønlandarar, kinesarar, spanjoljar, portugisarar og folk frå tidlegare sovjet-statar. Når ein jobbar i små miljø, som ein båt er, så må ein lære seg å samarbeide. Å kunne ha tillit til folk er viktig. Når eit skip kjem i internasjonalt farvatn, så er dette skipet ein stat i staten. Det

er nasjonens flagg som avgjer kva lover som gjeld. I internasjonalt farvatn, har kapteinen myndigheit til å vere både politi og prest.

Etter 486 månadar fartstid til sjøs, så har eg opplevd mykje, det meste har vore gode opplevingar. Sju dagars arbeidsveke og tolv timars arbeidsdag for det meste og opptening av pensjon frå første krone. Eg vert forbausa når eg høyrer kor mange forskjellige pensjonsordningar som finst på land. Politikarane får skulda, men er ikkje dette dårleg organisasjonsarbeid? Kvifor skal den sittande regjering ta skulda for noko som ingen før dei har greidd å rydde opp i?

I år er det kommune- og fylkestingsval. I Volda er vi så heldige at vi har ein ordførar som i følge Google, er professor i kommunal planlegging. Kan det bli betre? Ja, kven veit meir enn en professor? Vi burde ha Noregs best styrte kommune, for ein slik kompetanse er det vel ikkje mange ordførarar som har! No er det slik med dei fleste ordførarar, at dei på ein eller annan måte vil ha ein slags bauta etter seg. Enten i form kulturhus, idrettshall, eller liknande bygg. Helst skal desse bautaene ha vunne ei arkitektkonkurranse.

Medan dette vert planlagt, så står her fleire kommunale bygg med store vedlikehaldsmanglar. Symjehallen er siste eksempel på det. Mork skule har hatt ein liten taklekkasje i mange år. Det dryp på parketten i gymsalen, men når det vert klaga, så er svaret at det finst ikkje midlar til reparasjon. I staden for å tette taket, så vart golvet slipt og oppattlakka, men taklekkasjen er der enda. Veit ikkje kva poeng slikt gir i kommunal planlegging. Etter som eg forstår, så er kommunen sine utgifter om lag dobla i inneverande periode.

Bompenge debatten går, men høyrer lite om Voldatunnelen. Bompengane skal visst i stor grad

Val 2019

gå til sentrumsfornyng. Trafikken har auka med om lag 150 bilar i døgnet, sidan teljestasjonane vart tekne i bruk i 2016. I 2018 passerte her 9387 bilar ÅDT ved Egsetstranda. Eller 3.426.255 bilar i løpet av året. Nærmare 3,5 millionar bilar og mykje av dette går igjennom sentrumsgatene. No har vi samferdselsminister frå vår kommune og eg håper han grip fatt i dette snarast råd.

Skal ein drive med lokalpolitikk, så må ein drive for heile kommunen. Eg ser no at der blir danna nye lister. Volda-lista og Dei Kristne. Volda-lista kunne like godt heitte Folkestad-lista. Dei Kristne vil ikkje vere ilag med FRP, som snart det einaste Israelsenlege partiet. Dei kristne søker varme verdiar og slår seg saman med parti som vil boikotte Israel og samarbeider med Hamas. Vest-sida føler seg tilsidesett av kommunen. Eg meiner det er feil. Uansett kvar du måtte bu i Volda, så er der ingen som er meir tilsidesett enn andre. Skulle ein peike ut nokon, så måtte det vere Høydaalen, som ligg der midt mellom alt og manglar det meste, som butikk, skule og rassikker veg. Mens ein ventar på denne brua over Voldsfjorden, så hadde det kanskje vore ein tanke å bygge rassikker tofelt-sveg mellom Straumshamn og Fyrde. Dette er vel å kaste bensin på bålet. Huska godt når vegen gjennom Geislida var bygd, då meinte dei at dei ville miste ferja. Kva skjedde? Vi treng fleire vegar. Folk er ikkje nøydd å køyre verken her eller der, men tenk om det kan gjere kvardagen lettare for andre enn akkurat deg.

Vi har vore igjennom ei kommunereform. Eg såg helst at Volda og Ørsta kunne bli ei kommune! Eg ser gjerne at Vanylven kunne bli ein del av vår kommune. Vanylven er den kommunen med lavast gjeld per innbyggjar. Eg veit at Syvde og Rovde har lyst til Volda. I Syvde har dei kjempa for ein om lag 3 km tunnel frå Nordalen til Dalsfjorden, men det er van-

skeleg når ein skal krysse grenser til andre kommunar. Ein tunnel frå Syvde til Dalsfjorden, med bru over fjorden, hadde styrka både Stigedalen som framtidig riksveg og det hadde også styrka bruprojektet Volda -Folkestad.

Som sagt så er det val til hausten. Eg vil stemme på dei som vil ha fortgang i Voldatunnelen, Fleire aldersbustader og i det heile pleie og omsorg for dei eldre, er for meg ei viktig sak. Eg støttar tanken om eit kommunalt eigedoms-selskap, som kan drifte og halde vedlike alle kommunale bygg. Der bør vere to ferjekaier i Volda. Begge ferjene bør ligge i Volda om natta. Då er kaiene på Folkestad og Lauvstad ledige og kan då oppretthalde beredskapen med ei ferje. Dette har vore eit ynskje frå ambulansenestene i mange år. Samferdsel er viktig, så i staden for misunning, vil eg ha samarbeid. Der er ingen ting som er dyrare enn utsetting i tid. Sjukehuset må bevarast. Eg ser ikkje logikken i å legge ned Volda Sjukehus, som er eit av dei beste i landet. Blir ventetida kortare ved å legge ned sjukehus og andre institusjonar?

Eg ser gjerne at samtalar med fleire kommunar kjem i gang, som Ørsta, Vanylven og Eid. I Volda bur der mange som er nærmare Eid, enn kommunesenteret Volda. Eid og Volda har vore gode naboar i mange år, så kvifor ikkje ekte-skap? Som ektefellar, så trur eg vi kunne fått til mykje bra ilag. Dette var berre litt av det eg hadde på hjartet og snart startar postkassene og fyllast med valflesk. Eg trur at eg allereie har gjort meg opp ei meining om kva eg vil stemme på. Godt Val!

Oddvar Bjørkedal

Ålesund som språkleg føredøme

Ålesund vil vere sunnmøringane sin by. Det er bra, endå om det kan vere ulike meiningar om i kva grad alle sunnmøringar identifiserer seg med byen. Det store fleirtalet av oss sunnmøringar har nynorsk som morsmål, og frå nyår har både politikarane og resten av innbyggjarane i nye Ålesund sjansen til å syne at dei respekterer og er stolte av det.

Nordmannen (Mellom bakkar og berg) er truleg den mest sungne allsongen i Noreg. Ein 17. mai utan Fagert er landet er utenkjeleg, og for mange nordkvinner og -menn finst det ikkje vakrere dikt enn Å leva det er å elska. Dei fleste sunnmøringar som har levd ei stund, veit at det er sunnmøringane Ivar Aasen, Anders Hovden og Anders Vassbotn me kan takke for denne songskatten. Og Ivar Aasen var ikkje berre diktar. Han er også ein av grunnleggjarane av

moderne språkvitskap, kjend langt utanfor landets grenser, og skaparen av språket nynorsk, bygd på dei norske talemåla.

Desse tre er ikkje aleine. Lista over forfattarar som i lyrikk og prosa har vore med på skape den sunnmørske identiteten, er lang. Tenk på Ingebrigt Davik si rolle i skulen, Bernt Støylen og Berte Kanutte Aarflot i kyrkja, Marie Lovise Widnes i lyd og lag, Arthur Klæbo si legendariske røyst i NRK. Finst det ein vaksen sunnmøring som ikkje kjenner til Ro stilt langs med landet av Henrik Straumshheim? Og har det vore skrivje ei vakrere gravtale enn Marie Takvams Tale ved båra til ein vestlands-småbonde? For ikkje å snakke om Maria Parr, i ferd med å bli Noregs svar på Astrid Lindgren.

Det går ei line frå Ivar Aasen til

det moderne Sunnmøre med Anna Skeide, Marie Takvam, Maria Parr, Hilde Myklebust, Aina Basso, Marit Kaldhol, Rønnaug Kleiva, Øystein Vidnes, Gunhild Øyehaug og fleire. Eg trur også at du skal leite meir enn godt og grundig for å finne ein ålesundar som ikkje er stolt av og glad i byens eigen Hartvig Kiran.

Det går ei line frå Ivar Aasen til det moderne Sunnmøre med Anna Skeide, Marie Takvam, Maria Parr, Hilde Myklebust, Aina Basso, Marit Kaldhol, Rønnaug Kleiva, Øystein Vidnes, Gunhild Øyehaug og fleire. Eg trur også at du skal leite meir enn godt og grundig for å finne ein ålesundar som ikkje er stolt av og glad i byens eigen Hartvig Kiran.

Alle desse er skjønnlitterære forfattarar. Ingen av alle dei framifrå nynorske sakprosaforfattarane,

(lokal)historikarane, song- og musikkgruppene og journalistane som hadde fortent ein plass, er nemnde her.

Det er denne sunnmørske kulturen og identiteten det nye Ålesund no har ein historisk sjanse til å lyfta fram utan at ein einaste ålesundar treng å gi avkall på bok-mål. Slik kan Ålesund bli eit førebilete for andre byar; ein by der dei to norske språka nynorsk og bokmål ikkje berre lever i fredeleg sameksistens og gjer kvarandre rikare, men også lyfter Ålesund til ein rikare by. Eg vonar folket og politikarane i det nye Ålesund grip denne historiske sjansen.

Terje Kjode



Lik Møre på facebook